



## Statens vegvesen

Ard Arealplan AS  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2015/093435-002

Dykkar referanse:  
ard015014

Vår dato:  
05.08.2015

### **Reguleringsplan for Nesfossen nærings- og industriområde - Gnr. 56 bnr. 14 m. fl. - Lindås kommune - Varsel om oppstart av planarbeid**

Vi viser til Dykkar brev av 21.07.15 med varsel om oppstart av planarbeid for reguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing for Nesfossen Smolt, gnr. 56, bnr. 14 m. fl. i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 40 daa, like nordvest for eksisterande smoltanlegg til Nesfossen as. Planområdet er i kommuneplanen avsett til LNF og industriføremål. Eksisterande anlegg er ikkje regulert, men er i samsvar med overordna plan og difor tek ein dette arealet med inn i same reguleringsplan for at heile industriområdet skal vere regulert.

Planframlegget legg opp til utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøbasert anlegg for smoltproduksjon med tilhøyrande installasjoner. I samband med dette arbeidet er det avklara at tiltaket skal konsekvensutgreiast og det er difor utarbeidd eit framlegg til planprogram der det vert gjort greie for korleis ein tenkjer seg at denne konsekvensutgreiinga skal kunne gjennomførast.

Statens vegvesen har vurdert framlegget til planprogram spesielt retta mot konsekvensar ei utviding av eksisterande anlegg vil kunne få i samband med auka trafikk til området og eventuelle tiltak som må gjennomførast for å sikre trafikksikre løysingar m.a. i krysset med fylkesveg 57.

Eksisterande anlegg er i dag knytt til fylkesveg 57 med ein privat veg frå anlegget. Denne private vegen har låg standard med ei køyrebane og utan tilbod til mjuke trafikantar.

Fylkesveg 57 er ein del av hovudvegsystemet til industriområdet Mongstad og tettstaden Lindås sentrum.

Etter vår vurdering bør planområdet utvidast slik at den private vegen og kryssområdet ved fylkesveg 57 vert del av planområdet slik at ein kan sikre ei oppgradering av den private vegen og kryssområdet i samsvar med krava i handbok N100 Veg- og gateutforming frå Vegdirektoratet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>1</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

Ut over dette har vi ikke vesentlege merknader til varselet om oppstart av planarbeidet og framlegget til planprogram.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen